

Metoderapport frå NRK Dagsnytt

“John Bauer-pengane”

Ansvarlege journalistar:

Jørn André Lien og Håvard Grønli,

Redaksjon:

NRK Nyheter
Bjørnstjerne Bjørnsons plass 1

0340 Oslo

Publisert:

NRK Dagsnytt og nrk.no/nyheter i perioden 11. oktober til 13. november 2007. Hovudsak 24. oktober 2007.

Ansvarlege redaktørar:

Per Anders Johansen og Grethe Gynnild Johnsen, NRK Nyheter

Kontaktinformasjon:

Jørn André Lien 97158401, jorn.andre.lien@nrk.no
Håvard Grønli 92215419, havard.gronli@nrk.no

Innleiing

Ein torsdag i slutten av oktober. John Bauer-gymnaset i Vika i Oslo: Dagsnytt-journalist Jørn Lien har gått inn på skulen og oppsøkt administrasjonen for å få dagleg leiar og eigar Kåre Syltebø i tale. I halvanna veke har Lien og kollega Håvard Grønli lest rekneskap, dokument og korrespondansar. Vi har hatt samtale på samtale med noverande og tidlegare tilsette og elevar. Vi har vesentlege spørsmål til Syltebø om pengebruken ved John Bauer-skulane i Oslo og Bergen. Men verken han eller dei andre eigarane vil snakke med oss når vi ringer. Tidlegare i veka har NRK blitt avvist frå skulen temmeleg bryskt. Då hadde vi ein fotograf frå Dagsrevyen med. No prøver vi oss litt lettare utstyrt. Kun ein journalist og ein bandopptakar. Kanskje går det betre då? No kjem han.

I det han ser journalisten bråsnur han og går i stor fart bort frå han i gangen. Journalisten følgjer etter.

- Syltebø!

Han bråstoppar og snur igjen. Journalisten har tydeleg signalisert at bandopptakaren er på, og Syltebø har forstått det. Han seier ingenting. Han tek journalisten i underarmen, peikar mot utgangen og fører han bestemt ut døra.

- Syltebø, du må då svare på spørsmål frå NRK!

Han seier fortsatt ingenting. Dette er ubehagelig, stemninga blir amper.

- Kvifor vil du ikkje svare? Hæ?

Journalisten blir ført ut døra. DUNK. Døra smekkar igjen bak han. Det var det næraste vi kom ei forklaring. Til dags dato har ikkje John Bauer-eigarane forklart seg om pengebruken til media.

1 Bakgrunn og samandrag av saka

24. oktober presenterte NRK Dagsnytt ei historie om at eigarane av dei private John Bauer-skulane i Norge handlar tenester for mange millionar kroner av sine egne selskap. Mange av tenestene verkar konstruerte. Pengane som går inn i skulesystemet er utelukkande statsstøtte og elevbetaling. Samtidig er skulane prega av misnøye og rot. Mykje tyder på at store pengesummar ikkje kjem elevane til gode. Saka er resultatet av langvarig jobbing og blir samtidig starten på ei lang rekke reportasjar.

Men kvifor er det så nøye om nokre nordmenn tener pengar på skuledrift?

Under Kristin Clemet sin periode som utdanningsminister i Bondevik II-regjeringa vart skulepolitikken endra, og ei ny friskulelov vart innført. Det vart lettare å starte opp private skuletilbod, eller friskular som det heitte på den tida. Det førte til at fleire vidaregåande skulekjeder fekk godkjenning og starta opp i 2005. Dei tre store aktørane var skulekjedane Sonans, Akademiet og Skandinavias største privatskulekjede; svenske John Bauer. I 16 norske byar fekk John Bauer godkjent skular. To av dei var klare til skulestart 2005, og det vart starta opp John Bauer-skular i Bergen og Oslo.

John Bauergymnaset fekk aldri starta opp meir enn to skular i Norge. Då dei raud-gøne kom til makta i 2005 trekte dei tilbake godkjenninga av cirka 150 friskular, deriblant godkjenninga av 14 John Bauer-skular.

Seinare kom det ei ny lov som stramma inn tilgangen til å etablere private skular. Berre det at namnet vart endra frå "Friskulelova" til "Privatskulelova" illustrerer i kva grad dette har vore ein politisk kamparena med tydelege skiljelinier.

Men sjølv om skiljelinene er tydelege, så er det feil å omtale privatskule-politikken under Kristin Clemet i Bondevik II-regjeringa som eit "frislepp". Friskulelova innebar at det vart lettare å starte opp, men i motsetning til i det sosialdemokratiske Sverige, skulle det ikkje vere lov å tene pengar på privatskule-drift her i landet. Det er ikkje lov å ta aksjeutbytte frå selskap som driv skular. Pengane som blir gitt i statsstøtte skal "kome elevane til gode". Dette er eit heilt sentralt vilkår for reportasjane vi har laga.

Dei to journalistane som har jobba med NRK Dagsnytt sine John Bauer-saker, har jobba med utdanningssaker i mange år. Vi har hatt mange saker om privatskular. Mange av sakene har hatt dei private skuledrivarane sin synsvinkel, og har dreid seg om kor vanskelege vilkår desse har fått under den raud-grøne regjeringa.

Men 11. oktober hadde Jørn Lien laga ei sak om at det var rot med vitnemåla til elevar ved John Bauer-gymnaset i Oslo. Det vart starten på noko anna. Vi byrja å få informasjon som kravde heilt andre vinklingar: Ting tyda på at eigarane og drivarane av John Bauer-skulane i Noreg har lagt opp til eit system der dei omgår regelverket som seier at dei ikkje skal tene pengar på skuledrift. Ingen redaksjonar hadde gått dei nye privatskulane grundig etter i saumane etter at dei starta opp i 2005. Vi bestemte oss for å gjere det. Grundig.

2 Publiserte saker

(Talet som står før datoen tilsvarer spor-nr på vedlagt CD)

01- 11. oktober 2007, Dagsnytt morgon: Elevar ved JB Oslo får ikkje ut vitnemål og eksamen på grunn av rot og feil.

02- 11. oktober 2007, Dagsnytt 1230: JB kan miste godkjenning.

03- 24. oktober 2007, Dagsnytt morgon: HOVUDSAKA: JB i Norge kjøper tenester for millioner av kroner fra selskap som skule-eigarane sjølve kontrollerer.

04- 24. oktober 2007, Dagsnytt 1230: Lærarane ved JB i Oslo meiner det ikkje er forsvarleg å drive skulen slik situasjonen er no.

05- 24. oktober 2007, Her og Nå: JB i Norge kjøper tenester for millionar av kroner frå selskap som skule-eigarane sjølve kontrollerer.

06- 24. oktober 2007, Dagsnytt 1730: Foreldre og elevar reagerer på opplysningane om pengebruken ved JB.

07- 25. oktober 2007, Dagsnytt morgon: Stortingspolitikarar reagerer og minister vil ha gjennomgang av regelverk.

08- 27. oktober 2007, Dagsnytt morgon: Kunnskapsministeren meiner JB-sakene viser at H og Frp må legge bort privatskulepolitikken sin.

09- 27. oktober 2007, Ukeslutt: Utbretts-reportasje. Skulen lokka med gratis PC og tur til Spania, men skulekvardagen er prega av rot og gjennomtrekk av lærarar.

10- 27. oktober 2007, Dagsnytt 1630: Kunnskapsministeren gjev ordre om at kvaliteten ved skulane skal undersøkast.

11- 30. oktober 2007, Dagsnytt morgon: JB svarer skriftleg. Meiner dei er på rett side av lova.

12- 31. oktober 2007, Dagsnytt morgon: JB i Oslo og Bergen må betale tilbake 8 millionar NOK til staten fordi dei har bomma med elevtalsprognosane.

13- 7. november 2007, Dagsnytt morgon: Leiaren ved lærarutdanninga på Universitetet i Oslo har tent mange millionar som eigar i JB-konsernet i Sverige.

14- 7. november 2007, Dagsnytt 1230: - Uproblematisk at universitetsleiaren tener seg rik på privatskular, meiner utdanningspolitikarane på Stortinget.

15- 7. november 2007, Dagsnytt 1730: Leiinga ved Universitetet har full tillit til leiaren ved lærarutdanninga etter å ha undersøkt saka.

16- 13. november 2007, Dagsnytt morgon: Fylkesmennene granskar JB-skulane.

3 Utgangspunkt og problemstillingar

3.1 Starten: Vitnemålsaka og avgjerande tips

Saka startar med eit dokument frå postjournalane til Utdanningsdirektoratet. Dette dokumentet viser at tidlegare elevar ved John Bauergymnaset i Oslo framleis ikkje har fått ut godkjente vitnemål og karakterutskrifter. Elevane risikerer å ikkje kome inn på høgare utdanning. John Bauer-gymnaset skuldar på rot i datasystemet. Saka blir publisert i NRK Dagsnytt og på nett torsdag 11. oktober. Og det er denne dagen vi får inn avgjerande tips som utvidar saka. Fleire kjelder tek kontakt. Anten via e-post eller telefon. Dei fortel om det same. Og oppmodinga er klar.

-De bør sjå på korleis leiinga ved John Bauergymnaset brukar offentlege midlar! Frustrasjonen blant dei som tek kontakt er tydeleg. Både noverande og tidlegare tilsette meiner det finst ein ukultur hos leiinga ved John Bauer-gymnaset. Kjeldene reagerer på at eigarane kjøper inn rådgjeving frå sine eigne konsulentfirma. Samstundes er tilhøva for elevane og lærarane svært kritikkverdige.

3.2 Problemstillingar

Spørsmålet er:

Korleis kan vi få dokumentert at eigarane handlar med sine eigne firma? Er dette i strid med dei lover og reglar som er vedteke av Stortinget og Regjeringa?

Vi måtte ha dokumentasjon på pengebruken. Og det fekk vi!

Avgjerande kjelder gjev oss konkret dokumentasjon som viser at eigarane handlar med seg sjølve. Fakturaer og rekneskap viste at store pengesummar gjekk mellom John Bauergymnaset og dei ulike konsulentselskapa. Dokumentasjonen viste at eigarane har handla med sine eigne selskap for minst 4,8 millionar kroner. Vi fekk også konkrete bevis på at lærarane ikkje fekk betalt ut lønn.

Tipsarane kravde anonymitet, og fekk sjølv sagt det. Anonymitet var ein føresetnad for at vi fekk ut dokumentasjonen. Kjeldene var redd for konsekvensane dersom dei blei avslørte.

Vårt utgangspunkt blei dermed vidare: Eigarane av John Bauergymnaset i Norge handlar inn konsulenttenester frå sine eigne selskap for millionar av kroner. Men kor alvorleg er dette? Vi såg umiddelbart at dette i det minste dreide seg om forretningspraksis i ei juridisk gråsone.

Dermed blei arbeidshypotesa vår at **"John Bauer-skulane omgår regelverket og tener seg rike på privatskuledrift i Noreg"**. Teorien vår i starten er at vi skal finne pengestraumar frå dei norske skule-selskapa til den svenske delen av John Bauer-konsernet og at det blir teke ut overskot i Sverige.

4 Research

4.1 Dokumentasjon

Innsamling av skriftleg materiale:

For å bevisе at eigarane av John Bauergymnaset handla med sine egne selskap var det avgjerande å få skriftleg dokumentasjon.

Дette kravde overtaling av kjeldene som hadde tilgang på informasjonen. Det var også viktig å forsikre kjeldene om at informasjonen ikkje kunne bli spora tilbake. Vi fekk til slutt ut papir som viste konkrete pengeoverføringer mellom eigarane sine ulike selskap. Vi møtte kjeldene på ulike stadar i Oslo, og lova sjølv sagt full anonymitet.

Innhenting av rekneskap:

Vi henta inn årsrekneskapane til samtlege selskap til eigarane av John Bauer-skulane. Tilsaman 20 årsrekneskap for 2005 og 2006 blei henta inn frå Brønnøysundregisteret. Til dette arbeidet fekk vi god hjelp av Heidi Magnussen hos Bibliotektenesta i NRK. Målet var å finne fleire opplysningar som kunne dokumentere at eigarane av John Bauergymnaset handla med sine egne konsulentselskap. I nokre av rekneskapa fann vi koblingar og pengeoverføringer mellom selskapa. Difor var dette eit viktig arbeid. Samstundes var årsrekneskapa overflatiske og lite detaljerte. Og vi hadde håpa å finne fleire koblingar mellom selskapa enn det vi gjorde. Til å skaffe oss oversikt over alle selskapa og eigarforholda var Bizweb eit godt verkty.

Deretter bestemte vi oss for å gå breiare ut. Henta eigarane av John Bauer-skulane i Norge ut utbytte og gevinst via dei svenske John Bauer-selskapa? Informasjonen kunne hentast hos det svenske Bolagsverket. Vi bestilte totalt 20 ulike årsrekneskapar frå ulike selskap i det svenske John Bauer-konsernet. Vi gjekk djupt inn i denne materien, men fann ikkje at eigarane tok ut utbytte i Sverige. Derimot fann vi ein ny link vi ikkje var klar over. Jan B. Ommundsen, leiaren for lærarutdanninga ved Universitetet i Oslo, sat i styret i nokre av selskapa. Han hadde dei siste åra teke ut over 20 millionar kroner i utbyte frå svensk privatskuledrift. Dette laga vi også ei sak om.

Postjournalar:

Vi har også søkt systematisk i offentlege arkiv og elektroniske postjournalar. Resultatet var magert i forhold til informasjon om John Bauergymnaset sin omgang med egne selskap.

Men det har vore svært viktig å følgje med i offentlege arkiv etter at kunnskapsminister Bård Vegar Solhjell beordra Fylkesmannen å føre tilsyn med skulane i Oslo og Bergen. Gjennom å søke i postjournalane, først og fremst hos Utdanningsdirektoratet, har vi fulgt tilsynet av skulane. Det har ført til fleire saker. Blant anna om at Fylkesmannen i Hordaland meiner John Bauer bryt lova når dei handlar med sine egne firma. Dette er saker vi har publisert i 2008 og ikkje i 2007.

4.2 Vidare kjeldearbeid, skjulte kjelder

Intervju og kjeldebesøk:

Gjennom heile prosessen har vi hatt ein tett kontakt med kjeldene våre. Ingen av dei har gått med på å stå fram offentleg.

Etterkvart som informasjonen kom ut, blei det også klart at leiinga ved John Bauer jobba med å hindre spreiding av "skadeleg informasjon". Både lærarane og elevane fekk beskjed om å ikkje snakke med NRK. Likevel fekk vi tilgang til all intern informasjon som blei sendt ut.

Inntrykket var at John Bauergymnaset, som tidlegare var prega av openheit, var totalt lukka.

Kjeldene våre var både personar knytt til John Bauergymnaset i fortid og notid. Gjennom ei rekkje grundige intervju klarte vi etterkvart å få eit bilde av korleis situasjonen var ved skulen. Tilsaman var vi i kontakt med rundt 15 tidlegare og noverande tilsette ved skulen.

Vi var også i kontakt med cirka 15 elevar ved skulen, anten gjennom e-post eller telefon. Vi har også vore i kontakt med foreldre. Men dei har ikkje vore sentrale i arbeidet med saka. Vi har hatt jamnleg kontakt med Utdanningsdirektoratet, Fylkesmannen i Oslo og Akershus, Fylkesmannen i Hordaland, utdanningskomiteen på Stortinget og Kunnskapsdepartementet, etterkvart som saka utvikla seg.

Tema under intervju

Dei viktigaste opplysningane hadde vi for så vidt skriftleg dokumentasjon for. Sjølv faktumet at John Bauer-eigarane handla med seg sjølv, var vi aldri i tvil om. Likevel var det sjølv sagt viktig for oss å dobbeltsjekke at den dokumentasjonen vi hadde fått tak i var reell. Dette fekk vi stadfesta og kryssjekka av mange av dei skjulte kjeldene. Vidare var vi opptekne av å finne ut av følgjande opplysningar med dei skjulte kjeldene:

- Tener John Bauer-eigarane pengar på skuledrift? Blir dei rike av dette?
- Er tenestene John Bauer-eigarane kjøper inn frå seg sjølv reelle?
- Kva er motivasjonen for dei som eig skulane?
- Korleis er kvaliteten på skuletilbodet? Undervisning, materiell etc
- Korleis blir dei tilsette behandla?
- Går det pengar mellom Sverige og Norge? Evt til andre land?

Slutningar etter intervju

Som skrive før, klarte vi ikkje å påvise pengestraumar frå Norge til Sverige i denne saka (at dei tek ut overskot i Sverige). Heller ikkje har vi klart å bevise at eigarane i Norge gjer seg rike på skuledrift. Dei munnlege skjulte kjeldene hjelper oss sånn sett til å definere kva vi kan seie og ikkje. Nokre av kjeldene våre seier at dei brukar dei andre selskapa "som sin eigen bank", men det er vanskeleg for oss å bevise. Enkelte hevdar dei lever eit liv i luksus, mens andre seier dei ikkje tener pengar på dette i det heile tatt. Vi vurderer å fokusere på skule-eigarane sine eigedommar, men kjem til at det er vanskeleg å hevde at slike midlar er eit resultat av skuledrift. Dei det er snakk om har trass alt drive forretningar i mange år, mens skuledrifta først starta opp i 2005. Vi klarer heller ikkje å bevise at dei tenestene dei kjøper frå sine egne selskap er fiktive. Men her meiner mange av kjeldene våre mykje. Når mange kjelder meiner at det er gjort ein dårleg jobb med ting som tariffavtale, jobbintervju, arbeidsmiljø og mangel og orden ved skulen, så teiknar det seg eit mønster. Vår oppfatning er at det er designa eit system der mange bekkar små gir mange millionar i inntekter til egne selskap. Nokre av tenestene er sikkert reelle (mange av kjeldene våre trur for eksempel at it-biten er heilt kurrant prisa), mens andre verkar meir oppkonstruerte. Kontakten vi har med Økokrim om tematikken styrkar oss iallfall i trua på at å handle konsulent-tenester frå sjølv-eigde selskap er ein veileigna måte å styrke eigen økonomi på.

Etter mange og interessante kjeldesamtalar konkluderer vi med at vi skal fortelje at "John Bauer-eigarane kjøper tenester for egne selskap for mange millionar kroner".

Vidare fortel vi i sakene kva tenester som er kjøpte inn. Det skin dermed gjennom i sakene at vi trur at mange av tenestene ikkje er heilt reelle eller riktig prisa, men vi påstår aldri dette eksplisitt ettersom vi ikkje har bevis for det.

Når det gjeld dei andre spørsmåla vi tok opp med kjeldene, får vi meir konkret informasjon ut av samtalane. Det teiknar seg eit bilete som er temmeleg likt uansett kven vi snakkar med:

- Personalbehandlninga ved skulen er ille
- Det er vanskeleg å fremje intern kritikk ved skulane
- Det er mykje administrativt rot
- Det er utfordringar knytta til dataprogram (som er kjøpt frå den svenske delen av John Bauer-konsernet)
- Det er mange konflikter mellom eigarar og tilsette
- Utskiftinga av tilsette er stor
- Mange lovnader til elevane blir ikkje haldne
- Det er ein god del misnøye mellom elevane (men det høyrer også med i biletet at mange er fornøgde)
- Skule-eigarane er skeptiske til fagorganisering
- Mange, men ikkje alle, opplever måten det heile blir leia på som ei slags sekt: Ikkje lov å snakke med media, fagrørsle forbode, alle andre er mot oss.

Mange av desse opplysningane blir sentrale element i sakene våre. Dersom John Bauer hadde drive to knallbra skular, hadde det ikkje vore så alvorleg om dei tente pengar på skuledrift. Når dei skuffar pengar inn i sine eigne selskap og SAMTIDIG gir eit svært diskutabelt tilbod til elevar og tilsette, gjer det saka meir alvorleg, meiner vi. Vi har i dei fleste sakene vi har publisert, fortalt om både penge-perspektivet og kvalitets-kritikken.

4.3 Utarbeiding av sakene

Det skal vise seg å bli ei utfordring å få nokon til å snakke på radio. Ingen av dei kjeldene vi var i kontakt med som var kritiske til det som skjedde på John Bauer, ville snakke ope på radio. Dette gjaldt både noverande og tidlegare tilsette. Det i seg sjølv, seier litt om forholda ved skulen. (Men det seier sikkert også litt om belastninga med å vere "varslar" generelt.) Når vi skulle utarbeide den første saka, fekk vi oss dermed nokre formmessige utfordringar. Nyheitsradio utan opne kjelder som snakkar om hovudproblemstillinga er ikkje ideelt. Alternativet var å høyre dei som vart kritiserte. Men då eigarane og drivarane ved John Bauer heller ikkje ville snakke med oss, hadde vi ei stor utfordring. John Bauer-eigarane Kåre Syltebø og Rune Eikeland vart kontakta av oss, men vi vart blankt avviste både på telefon og då vi oppsøkte skulen to gonger. Den eine gongen kom det nærmast til handgemeng. Vi valde å bruke denne situasjonen i Ukeslutt-reportasjen 27. oktober.

I hovudoppslaget valde vi å bruke Fylkesmannen i Oslo og Akershus som ope intervju-objekt. Då ingen av dei involverte ville snakke, var dette den mest nærliggande kjelda fordi fylkesmannen hadde hatt ein korrespondanse med John Bauer Oslo som vi sat på. I denne korrespondansen ber Fylkesmannen om forklaringar på ein del av pengebruken, og forklaringane i eit brev frå John Bauer Oslo er ein del av dokumentasjonen som seier noko om pengebruken. Vi brukte også ein kritisk elev i dette oppslaget. Vi valde på eige initiativ å anonymisere henne.

Vi hadde eit møte med Utdanningsdirektør Bjørg Ølstad hos Fylkesmannen der vi fekk ein del forklaringar på kor mykje dei visste om pengebruken og kva dei hadde gjort av

undersøkingar. Fylkesmannen sin kontroll av skulen hadde ikkje vore omfattande på dette tidspunktet, men Ølstad ga viktige forklaringar til oss som sette dette inn i ein samanheng. Vi gjorde difor også eit intervju i opptak med henne som vi brukte i den første saka.

Det går cirka 350 elevar ved John Bauergymnaset i Oslo. Vi satte oss aldri som mål å snakke med samtlege 350. Vi fekk ut vi lister over alle elevane ved skulen og telefonnummer. Det blei nærast litt random-metoden over kven vi snakka med. Det viste seg fort at mange elevar som vi ringte til vilkårleg var kritiske til skulen. Men det skal heller ikkje underslåast at også fleire trivdes ved skulen.

5 Kjeldekritiske og etiske vurderingar

5.1 Dokumentasjonen

Den skriftlege dokumentasjonen vi får kopiar av, er det ingen grunn til å tvile på. Denne blir gitt oss i eit tillitsforhold. Alt verkar autentisk og vi får kontrollert mange av opplysningane når vi snakkar med ulike kjelder eller kryssjekkar mot andre dokument. Til dømes stemmer mange av tala i rekneskapa med det som er rapportert i korrespondanse mellom John Bauer og Fylkesmannen.

5.2 Kjeldene sin motivasjon

Når nokre av dei sentrale opplysningane i ei sak kjem frå folk som har slutta på ein arbeidsplass etter konflikter, kan det vere mange bitre motiv ute og går. Stemmer det som blir sagt? Vi er klar over faren, dette er grunnen til at vi gjennomfører ekstremt mange samtalar for å sjekke at det folk seier stemmer med det andre seier. Det finst nok dei som ønskjer ein slags "revansj". To kjelder som har stått fram i saker etter årsskiftet har gått til sivilt søksmål og har sjølvsagt interesse av at deira versjon blir presentert som sanninga. Ingen av dei andre vi snakkar med har openberre økonomiske motiv. Hos mange av kjeldene sit det langt inne å snakke med oss. Vi trur grunnen til det er at dei er redde for kva som kan skje og at dei er lojale mot (tidlegare) kollegaer og elevar. Når det gjeld tilsette og tidlegare tilsette opplever vi at motivasjonen deira er å få rydda opp. Dei trur at mediefokus kan tvinge fram endringar. Fleire av kjeldene er idealistiske lærarar som har hatt tru på skulekonseptet, men som er djupt skuffa.

Nokre av elevane vi snakkar med meiner vel at "alt er gale". Slike stemmer kunne vi sikkert ha funne på dei fleste skular, men etterkvart veit vi kva problemstillingar vi er interesserte i. Vi får eit bilete av kva elevane kan vite noko om og ikkje, og vi får også litt hjelp av tilsette og tidlegare tilsette til å vurdere kva for elevar som er til å stole på og ikkje.

5.3 Andre etiske vurderingar

Tilsvarsrett:

John Bauer-eigarane vil ikkje snakke med oss. Vi har hatt nokre samtalar på telefon med eigarane, men dei vil aldri gje intervju. Ved to høve blir vi bryskt avviste ved skulen. Etterkvart blir vi avviste på telefon eller per sms. Ofte får vi til svar at vi kan sitere frå eit eller anna skriftleg svar dei har gitt (til dømes til Fylkesmannen).

I mange tilfelle gjer vi det, slik at dei kjem til orde på ein måte. Vi har mange saker på trappene og føler at vi må gje dei tilbod om tilsvar kvar gong. Etterkvart vart det vel eit slags rituale. Dei snakkar ikkje før i ei av sakene på nyåret 2008. Vi meiner det er ein underleg mediestrategi å slenge døra i trynet på oss. Dersom det faktisk ER fornuftige forklaringar på pengebruken (noko vi for så vidt trur det kan vere i enkelte tilfelle), har vi aldri fått forklaringane på dette fordi dei ikkje har vilt snakke. Vi har vanskeleg for å sjå at dei hadde kome dårlegare ut av å gje eit intervju. Det er heilt klart eit problem for balansen i våre saker at dei ikkje vil snakke, for vi finn ingen andre som vil tale deira sak. Når det går politikk i saka er både motstandarar og tilhengjarar av privatskular like interesserte i å ta avstand frå dei. Nokre elevar talar positivt om skulen, og vi brukar dette i Ukeslutt-saka 27. oktober, elles blir alle saker kritisk vinkla.

Namnngjeving:

Vi valde å ikkje bruke namnet på John Bauer-eigarane i introar og toppar. Det er inga fullstendig anonymisering. Vi brukar for eksempel namnet på Kåre Syltebø i Ukeslutt-reportasjen 27. oktober. Vi har følgjande resonnement til grunn for dette valet: Det er ikkje viktig for saka å bruke namna på skule-eigarane, det er uansett personar som publikum ikkje kjenner til. Dei omtalte forholda er ikkje av ein slik art at det er naudsynt å dra fram namna deira. I NRK har vi dessutan blitt litt meir bevisste dei siste åra på å ikkje repetere namn på personar igjen og igjen i kritiske saker.

Anonymisering av elevar:

Vi gjorde opne intervju med minst 10 elevar. Sjølv om dei aller fleste godkjente at vi brukte både namn og bilde, anonymiserte vi dei. Vi meinte det kunne skape problem for elevane i etterkant, til dømes i forhold til skuleleiinga ved full publisering.

Kva blir konsekvensane?

Vi diskuterer mykje kva journalistikken vår vil føre til. Ettersom vi tidleg forstår at dette kan vere ei alvorleg sak, diskuterer vi kva som kjem til å skje dersom dette i verste fall veltar skulane. Med dette i bakhovudet er det godt å høyre at alle dei politiske og offentlege aktørane vi er i kontakt med, forsikrar at dei vil sørge for eit skuletilbod til elevane. Ein mindre alvorleg konsekvens er negativ publisitet for skulane, noko som kan prege miljøet på skulane i dag og kan påverke søknadstalet. Men det er meir alvorleg dersom ukulturen vi har sett får utvikle seg. Det vil vere negativt både for elevar og tilsette. Vi meiner det er viktigare å presentere det vi har funne ut. Håpet vårt er at omtalen fører til forbetring på ein eller annan måte.

Neddempa språk eller "kampanje"?

John Bauer har skulda oss for å drive kampanjejournalistikk. Totalmengda reportasjar kan sikkert verke overveldande. Alle sakene våre har eit kritisk blikk. Vår oppfatning er at vi har meir enn god nok dekning for alt vi seier. Vi gjer også eit medvite val på å ikkje overdrive språkbruken. Vi har til dømes aldri konkludert med at John Bauer bryt lova. Vi har aldri sagt at eigarane tener seg rike, men nøkternt slått fast at dei handlar med sine egne selskap. Når det gjeld kvaliteten på skuletilbodet har det vore mykje negativt å ta tak i, men mange elevar og foreldre er også fornøgde. Vi har med oss dette i Ukeslutt-reportasjen 27. oktober, men elles er det ikkje eit mykje brukt perspektiv. I saka 30. oktober er inngangen på saka frå John Bauer sitt perspektiv (at dei ikkje har gjort noko gale), men kritikken er jo sjølv sagt det sentrale premisset her også. Vårt svar på skuldningane om kampanje er dette: Vis oss ei einaste formulering som inneheld ein faktisk feil!

Saka om universitetsleiaren: Er det ei sak?

Ei "sidesak" som vi ikkje går så detaljert inn på i denne rapporten, er saka 7. november om at leiaren ved lærarutdanninga på Universitetet (ILS), Jan B. Ommundsen, tener seg rik som medeigar i det svenske John Bauer-systemet. Vi fann namnet hans då vi prøvde å finne ut om dei norske John Bauer-eigarane tek ut utbytte i Sverige. Vi to journalistane som jobba med saka, meinte at dette var ein oppsiktsvekkande rolle-kombinasjon. På den eine sida forvaltar han offentlege midlar for å utdanne lærarar. På den andre sida brukar han tid og energi på å tene temmeleg mange millionar kroner i eit privatskulekonsern som får mykje kritikk for kvaliteten (det har vore mykje fokus på skulane i Sverige også). Vi veit at mange reagerer sterkt på dette på Universitetet i Oslo, mange universitetskjelder finn dette minst like oppsiktsvekkande som Helga Hjetland uttrykker det i vår reportasje. Men formelt har han vore ryddig, og han har ikkje gjort noko ulovleg. Det er også Universitetsleiinga sitt svar. Dagsnytt køyrer ikkje dette som ei toppsak, og vi dempar ned namnebruken. Men vi meiner det er ein så interessant rollekombinasjon at vi meiner det er ei sak.

5.4. Motstrategiar

"Ingen kommentar" og konfrontasjon

Som skrive før, så har eigarane og leiinga ved John Bauergymnaset frå første dag nekta å snakke med NRK. Vi fekk ingen tilbakemeldingar på gjentekne førespurnader over telefon og SMS. Og då vi oppsøkte dei direkte vart vi altså avvist.

John Bauer bruker sine egne nettsider

John Bauergymnaset har brukt sine egne heimesider til å til svare på våre saker. Det er her dei har påstått at dekninga har vore kampanjejournalistikk frå NRK si side. På nettet har dei skreve at dei "faktiske forholda" er heilt annleis enn det som kjem fram i NRK sine saker og i andre media som har hengt seg på. NRK har hatt ein gal omgang med fakta og har skapt usikkerheit blant elevar og forelde, skriv dei på blant anna på heimesidene.

Kjeldejakt

Vi veit også at leiinga ved John Bauer-skulane har sett i gang prosessar for å finne ut kven det er som gjev informasjon til media.

6 Ressursbruk

Vi er to journalistar frå innanriksredaksjonen i NRK Nyheiter som har som har jobba saman om saka. Vi fekk god hjelp frå frå researcher Heidi Magnussen i Bibliotektenesta. Leiar for arbeidet frå starten har vore reportasjeleiar Bjørn Christian Jakobsen som coacha og støtta oss. Vi blei satt ut av vanleg turnus, og vi har vel aldri før fått lov til å bruke så mykje tid på ei sak. Det gjekk halvanna veke frå vi starta arbeidet, til første saka gjekk på lufta. Det er uvanleg at journalistar i Dagsnytt får lov til å jobbe med ei sak så lenge. Vi jobba ein del overtid, og det blei en del tankeverksemd kring saka på fritida.

Hege Moe Eriksen (ei sak), Ragnhild Bjørge (ei sak), Silje Katrine Bjarkøy (ei sak) har også vore med på arbeidet.

NRK har hatt nokre småutgifter til å bestille rekneskap, særleg frå Sverige.

7 Konsekvensar

Politiske konsekvensar:

Kunnskapsminister Bård Vegar Solhjell varslar allereie dagen etter hovudoppslaget at han vil gå gjennom regelverket for å sjå om det fungerer slik det er meint. Seinare same veke seier han at Fylkesmannen i Hordaland og i Oslo og Akershus skal starte tilsyn med skulane for å kontrollert kvalitet og bruk av offentlege midlar.

Politikarane i utdanningskomiteen på Stortinget reagerer kraftig. Reaksjonane er tverrpolitiske. Dei partia som har vore mot privatskular har interesse av å seie "kva var det vi sa?" Dei som er for privatskular har interesse av å ta avstand frå private skular som opererer i gråsoner. Paradoksalt nok blir ein konsekvens dermed at det blir vanskeleg å finne røyster som kan vere "djevelens advokat" og tale John Bauer si sak.

Fylkesmennene startar prosessen tidleg i november og ber om innsyn i rekneskap og dokumentasjon på konsulentavtalane ved skulane. Ved juletider sender Fylkesmannen i Hordaland ei mellombels vurdering til Utdanningsdirektoratet. Der konkluderer dei med at dei har funne moglege brot på privatskulelova. Direktoratet gir ordre om å gjennomføre eit grundig tilsyn. Vi presenterer dette journalistisk tidleg i januar 2008.

Konsekvensar ved skulane:

Kort tid etter at vi har publisert dei første sakene blir det sendt ut fleire brev til elevar og lærarar. Vi får tak i dei fleste, og i eitt av desse breva skisserer leiinga tiltak som skal betre forholda ved skulen. 22 tiltak blir lista opp. Det blir også gjennomført ei rekkje samtalar med elevar og lærarar. Målet er å konkretisere kva tiltak som vil fungere best.

John Bauer ber sjølv om at Fylkesmannen fører tilsyn med skulen for å vise at alt som det skal ved skulen.

I denne perioden trekkjer også grunnleggaren av John Bauer-skulane i Sverige seg som styreleiar. Rune Tedfors har bygt opp John Bauer-kjeda i Sverige med 27 skular og 10.000 elevar. Vi har ingen haldepunkt for hevde at han trekkjer seg på grunn av våre saker. Tedfors forklarar avgangen med at reisinga til og frå Sverige gjorde det umuleg for han å fortsette. Ny styreleiar blir Sigve Austheim som er tidlegare rektor.

Den nye styreleiaren byrjar med interne kartleggingar blant dei tilsette om arbeidsforholda. Resultatet viser blant anna at ein stor majoritet av lærarane meiner at skulen manglar orden og system.

8 Oppsummering

Vi er ikkje ferdige med John Bauer. Styresmaktene er ikkje ferdig med John Bauer, tilsynet pågår. Men er John Bauer ferdig? Det er vanskeleg å seie. Dersom forholda vi har avdekka er lovbrøt, kan det vere vanskeleg å bevise. Kva er ei konsulent-teneste verdt? Finn styresmaktene ut at pengebruken har vore kritikkverdig kan dei krevje statsstøtte tilbakebetalt. Meiner dei forholda er svært alvorlege, kan skulane miste godkjenninga. Det einaste vi er sikre på er at vi fortsatt har mykje godt stoff i vente.

Oslo 21. januar 2008

Jørn André Lien

Håvard Grønli